

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 14/4012-1

Selskapskontroll 2014 - Forvaltningsrevisjon F1 Holding AS - bestilling

Framlegg til vedtak:

Kontrollsjef rår kontrollutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i samsvar med vedlagte bestillingsdokument
2. Bestillinga vert sendt SF revisjon IKS

Vedlegg:

- Bestillingsdokument – Forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

21. Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i FT-sak 4/14 å bestille forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS. Forvaltningsrevisjonen skal gjennomførast i løpet av 2014. Vidare i vedtaket vert kontrollutvalet gjeve mynde til å definere innhald og kontrollpunkt i revisjonen.

Selskapskontroll består av eigarskapkontroll og forvaltningsrevisjon. Eigarskapkontroll, som er den obligatoriske delen av selskapskontrollen, av F1 Holding AS vart gjennomført i 2013, og fylkestinget gjorde dette vedtaket i FT-sak 47/13:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført eigarskapkontroll av F1 Holding AS/Fjord1 AS til etterretning
2. Fylkestinget ber F1 Holding AS gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld F1 Holding AS i rapporten frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre tiltak for å etterkome tilrådingane som gjeld Sogn og Fjordane fylkeskommune i rapporten frå SF revisjon IKS, og melde tilbake til kontrollutvalet når oppfølginga er utført.
4. Fylkeskommunen si eigarmelding gjev tilstrekkeleg signal om fylkestinget sine krav og forventningar til Fjord1 og F1 Holding AS.

2. Vurderingar og konsekvensar

Fylkestinget vil med å gjennomføre forvaltningsrevisjon av selskapet få gjennomført ein kontroll som går lenger i å få undersøkt interne tilhøve i F1 Holding AS samt forvaltning til selskapet og kommunikasjon mellom selskap og eigar.

Forvaltningsrevisjon av eit selskap som fylkeskommunen eig er ein del av selskapskontrollen som kontrollutvalet er sett til å gjennomføre for fylkestinget. SF revisjon IKS utfører denne form for kontroll for fylkeskommunen. Det står i selskapsavtalen for SF revisjon IKS § 3 at:

«Selskapet sitt føremål er å dekkje deltakarane sine behov innan finansiell revisjon og selskapskontroll jf. Kommunelova § 77 punkt 4 og 5 samt attestasjonsoppdrag.»

Det er derfor rimeleg at forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS vert utført av SF revisjon IKS, og bestillinga vert føreslege å sende dit.

3. Konklusjon

Kontrollutvalet har fått i oppdrag av fylkestinget å gjennomføre forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS i løpet av 2014. Utvalet får i saka framlagt eit bestillingsdokument, og må ta stilling til føremål og problemstillingar i dokumentet for så å gjere vedtak om å bestille forvaltningsrevisjonen. Kontrollsjef rår til at forvaltningsrevisjon av F1 Holding AS vert utført av SF revisjon IKS.